



# Besl. O. nr. 72

(2005-2006)

## Odelstingsbeslutning nr. 72

Jf. Innst. O. nr. 51 (2005-2006) og Ot.prp. nr. 59 (2005-2006)

År 2006 den 8. juni holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

### vedtak til lov

#### om endringer i opplæringslova

##### I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 6-4 tredje ledd skal lyde:

Departementet gir forskrifter om andre særskilde læreplanar for *grunnskoleopplæringa* i samiske distrikt og for elevar *elles* som får samisk opplæring i *grunnskole* og i *vidaregåande opplæring*. Sametinget skal i samråd med departementet lage utkast til desse forskriftene.

§ 13-2 skal lyde:

§ 13-2 Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova

Når det blir gjort vedtak om plassering i institusjon etter barnevernlova, er det den fylkeskommunen der *institusjonen ligg* som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande *opplæring etter* lova her.

Ansvaret omfattar barn og unge i institusjonar i fylkeskommunen som den statlege regionale barnevernmyndigheita har ansvaret for etter barnevernlova § 5-1, og *barn og unge i* private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5-8.

*Dersom opplæringa skjer i institusjonen, skal institusjonen sørge for nødvendige lokale til formålet.*

Departementet kan gi nærmare forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om ansvaret til fylkeskommunen.

§ 13-3 a skal lyde:

§ 13-3 a Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i *helseinstitusjonar*

Fylkeskommunen *der ein institusjon ligg* skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring etter lova her for pasientar i helseinstitusjonar som *eit regionalt helseforetak eig, og for pasientar i private helseinstitusjonar som har avtale med regionale helseforetak*. Fylkeskommunens ansvar gjeld berre for pasientar i *institusjonsplassar som regionale helseforetak finansierer*. *Dersom opplæringa skjer i institusjonen, skal institusjonen sørge for nødvendige lokale til formålet.*

Departementet *kan gi* nærmare forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om ansvaret til fylkeskommunen.

##### II

Lova gjeld frå det tidspunkt Kongen fastset. Dei enkelte føresegnene i lova kan setjast i verk til ulik tid.

**Berit Brørby**  
president

**Asmund Kristoffersen**  
sekretær

